

For alle seks artiklane er studenten oppført som korresponderande forfattar. Dette er etter vår meining ein dårlig praksis som i for stor grad vert nytta i Norge. Seniorforfattar bør i mykje større grad vera den korresponderande forfattar. Det vil mellom anna redusera risikoen for at slike uheldige problem som har skjedd med denne avhandlinga vil oppstå. Ein Ph.D student skal ikkje definerast som sjølvstendig forskar!

Det er kjent frå amerikanske forskingsmiljø at medarbeidarar også kan bli straffa dersom fusk blir påvist i samband med publiserte data.

Det er vår meining at også i Norge trengs det innførast strengare plikter for alle medforfattarar: Er ein medforfattar i eit arbeid skal ein også ta ansvar for at alt innan sitt spesialfelt er rett dokumentert i den endelige versjonen som vert sendt for publisering.

I vår gjennomgang av denne avhandlinga har det vore eit spesielt fokus på samandraget av dei einskilte arbeida presentert på side 68 til side 73 i avhandlinga og metodedelene i kvart arbeid. Metodedelane er til dels godt skreve og lett å forstå sjølv om ein ikkje har personleg erfaring med alle dei ulike metodane. Det skulle for dei aktuelle arbeida bli lett å reprodusera dei aktuelle data presentert og eventuelt oppdaga feil i desse.

Les ein heile avhandlinga under eitt indikerer dette at kandidaten demonstrerer at alle data støttar opp om hans forventningar. Det er i god forskning eit dårlig teikn. Utføring av forskingsprosjekt blir alltid gjort med grunngeving i visse hypotesar. Desse hypotesane blir enten bekrefte eller avkrefta. Eksplicit avkrefting av hypotesar kjem lite fram i denne avhandlinga.

Å få påvist direkte forfalsking av data vil i dei fleste tilfella få store konsekvensar for den aktuelle kandidaten. Er forfalskinga ikkje grundig nok dokumentert og kanskje berre ein mistanke vil dette og få alvorlige negative konsekvensar sjølv om kandidaten er uskuldig.

Basert på gjennomgang av det tilgjengelige materialet for originaldata og samanlikna det med det som er presentert i figurane er det fleire døme på at det er vanskelig å dra ei direkte samanlikning med data framstilt i figurar og tabellar. Dette gjeld som tidlegare vist av dei andre som har studert spesielt artikkel V. Men å påstå at kandidaten har gjort dette heilt bevist er vanskelig å dokumentera.

I denne konkrete saka er det påstått at data til arbeid V er framstilt som forfalsking for å støtta kandidaten sine hypotesar. Skal slike skuldningar føra til at arbeidet blir underkjent må det framførast handfaste bevis. Det er det me skal vurdere. Sidan arbeidet ikkje er publisert vil eit alternativ vera å gi kandidaten høve til å gjera forsøka om att; alternativt i samarbeid med medforfattarar å gå gjennom originaldata for det konkrete arbeid og bli samde om framstillinga av figurar og tabellar før arbeidet blir sendt til peer review. Slikt arbeid vil kosta ein del, men ein institusjon vil måtta rekna med slike utgifter. Det er døme i Norge på at ved klar påvist forfalsking har institusjonen måtta gi ekstra støtte til doktorgradskandidaten. I det konkrete tilfellet me kjenner til var det ikkje doktorgradskandidaten som hadde generert oppdikta data, men rettleiaren.

Vår konklusjon etter å ha vurdert dette frå ulike vinklar er at doktorgraden ikkje utan vidare kan underkjennast. Kandidaten må i samarbeid med medforfattarane og i møte leia av hovudrettleiaren gå gjennom data og framstillinga i artiklane og konklusjonane (spesielt artikkel V).

Basert på dette arbeidet må ein så ta ein endeleg konklusjon på om kandidaten bevist har prøvd å fuska eller berre har gjort feila grunna fagleg svake sider.

I denne samanhengen kunne det kanskje ha ein nøytraliserande effekt at begge eller ein av oss frå Bergen var tilhøyrarar på det første møtet.

Sidan det no har tatt så lang tid med dette arbeidet vonar me at det kan gjennomførast på relativt kort tid.

Me beklagar at arbeidet har tatt så lang tid. Dette er grunna i våre ulike plikter ved vår institusjon og sommarferie.

Bergen 2. oktober 2014



Nils-Kåre Birkeland  
Professor  
Institutt for biologi

Dag E. Helland  
Professor  
Molekylærbiologisk institutt